


Årsmelding

Styret i

Markane Idrettslag

2015



Innholdsliste

1. Styret	side 4
2. Grupper/ utval/ komitear	
Skigruppa	
Skiskyttargruppa	
Orienteringsgruppa	
Barne – ungdoms – trim – friidrettsgruppa	
Revisorar	side 5
Valnemnd	
Utsendingar	
Tillitsverv utanom laget	side 6
3. Møter/ tilstellingar	
4. Saker	side 7
5. Medlemstal	
6. Utdanning	
6.1 delteke på kurs	
6.2 organisert trening/ instruksjon	
7. Særforbund	side 8
8. Stemner, konkurransar, meisterskapar	
9. Mottekne midlar	
10. Anlegg	
10.1 Vedlikehald på Ullsheim	
10.2 Løypekøyring	
10.3 Ansvarleg for utleige av Ullsheim	
10.4 Tilsette i Markane IL	side 9
11. Oppgåver i året som kjem	
Planlagde tiltak i planperioden 2016	
11.1 Utbygging/rehabilitering	

11.2 Arrangement 2016	
11.3 Økonomi	side 10

12. Aktivitet i gruppene

12.1 Å leggje merke til	
12.2 Lagsdrakter	side 11
12.3 Heimesida	
12.4 Lagssoga	
12.5 Pressa	

13. Rekneskap/ resultat	side 12
--------------------------------	---------

14. Avslutning

Året 2015

VEDLEGG:

Vedlegg I: Anleggsplan for Markane IL	side 13
--	---------

Vedlegg II: Tillegg til anleggsplan	side 17
--	---------

Årsmelding del II

Rapport frå Ullsheimanlegget

Årsmelding frå skiskyttargruppa

Årsmelding frå Markane og Stryn Barneidrettsskule

Årsmelding frå skigruppa

Årsmelding frå orientering

Årsmelding frå trimgruppa

Årsmelding frå friidrett

Årsmelding del III

Resultatrekneskap 2015– drift

Balanse pr. 31.10.15

Budsjettframlegg for 2016

Markane Idrettslag

Årsmelding 2015

1. Styret

Leiar:	Eldbjørg Hatledal
Nestleiar:	Rikard Bøe
Sekretær:	Antonia Karete Haugen Kongsvik
Styremedlem:	Kristin Hatledal
Styremedlem:	Sigbjørn Fænn
Styremedlem:	Arvid Hatledal (med særleg ansvar for Ullsheimanlegget)
Første vara:	Monica V. Halsteinslid
Andre vara:	Grete Zachariassen (fram til august), Per Øen (frå august 2015)
Kasserar:	Nils Heggdal (ikkje medlem av styret)

2. Grupper/Utval/Komitear

Skigruppa

Leiar:	Sigbjørn Fænn
Styremedlem :	Kjetil Svarstad
Styremedlem:	Svein Rune Aaland
Styremedlem:	Margunn Hjølmeset
Styremedlem:	Anne Marie Svarstad

Skiskyttargruppa

Leiar:	Monica V. Halsteinslid
Nestleiar:	John Roger Meland
Styremedlem:	Jan Egil Gjørven
Styremedlem:	Kari Tønning

Orienteringsgruppa

Styremedlem:	Grete Zachariassen
Styremedlem:	Åshild Sætren Bøe
Styremedlem:	Sissel Svarstad
Styremedlem:	Svein Arne Lødemel
Styremedlem:	Per Øen

Barne- og ungdomsgruppa, trimgruppa og friidrettsgruppa

Leiar:	Per Jakob Kyrkjeeide
Styremedlem:	Even Nesje
Styremedlem:	Bodil Dybevoll
Styremedlem:	Sigbjørn Kirkeeide

Friidrettsansvarleg: Antonia Karete Haugen Kongsvik/Eldbjørg Hatledal

Markane og Stryn Barneidrettsskule:

Leiar:	Margunn Hjølmeset
--------	-------------------

Revisorar for 2015:

Ester Anny Skrede

Randi Lindvik
Varamedlem: Per Ove Kjøs

Valnemnd

Ann Kristin Grodås –leiar i 2015
Frank Jakob Sandbakk
Monica Osvold

Vara til valnemnda: Wenche Arntsen

Utsendingar til ting m.m.

Vårmøtet, Skei Hotel:	Sigbjørn Fænn Eldbjørg Hatledal Monica Halsteinslid Inge Fænn (leiar i skikrinsen)
Skikrinstinget:	Inge Fænn (leiar i skikrinsen)
Årsmøte i Stryn idrettsråd:	Per Øen (styremedlem SIR)
Framtidas idrett i Sogn og Fjordane:	Antonia Karete Haugen Kongsvik
50-årsjubileum for o-krinsen	Eldbjørg Hatledal Per Øen
Omframnt o-krinsting	Eldbjørg Hatledal (for o-krinsen) Per Øen Dag Arne Eide
Skiskytterforbundet, leiarmøte, Alta: Monica V. Halsteinslid	
Årsmøte i Sogn og Fj. Skiskyttarkrins:	Monica V. Halsteinslid Wenche Arntsen
Årsmøte i Team Statkraft Nordfjord:	Monica V. Halsteinslid, Eldbjørg Hatledal John Roger Meland Jan Egil Gjørven
Haustmøtet – skikrinsen:	Inge Fænn (leiar i skikrinsen) Nils Heggdal

Tillitsverv utanom laget.

Krins:

Inge Fænn:	Leiar i Sogn og Fjordane Skikrins
Eldbjørg Hatledal:	Sogn og Fjordane orienteringskrins – styremedlem (Fram til april 2015)
Rikard Kirkeeide Bø:	Sogn og Fjordane orienteringskrins -styremedlem
Linda Alsaker	2. varamedlem til styret i Sogn og Fjordane Skiskyttarkrins
Magnhild Hauge og	
Odd Rune Halsteinslid	revisorar i Sogn og Fjordane skiskyttarkrins
Margunn Hjelmeset	jenteansvarleg i Sogn og Fjordane skiskyttarkrins

Andre verv:

John Roger Meland:	Styremedlem Team Statkraft Nordfjord
Per Øen:	Styremedlem/ sekretær i Stryn Idrettsråd
Klemet Bø	Varamedlem Stryn Idrettsråd
Antonia Karete Kongsvik	Vara til vara i Stryn Idrettsråd
Ann Kristin Grodås	Prosjektleder i ungdomsprosjektet

3. Møte/tilstellingar/utmerkingar

Årsmøte

Omframmt årsmøte

12 styremøter

Utvida møte mellom styret og medlemene i gruppene

Sponsorsamling med program ved Ole Johannes Øvretveit.

Premiefest

-ME-foredrag med Jørgen Jelstad, 21. april

Foredraget om ME med Jørgen Jelstad vart halde i Stryn kulturhus. Arrangementet kom i stand etter initiativ frå familien Skrede. Markane IL sponsa tiltaket med kr 10 000. Mange medlemmer frå MIL var til stade.

-«Spenning i sikte» i regi av Skiskytterforbundet kom til Stryn med blant andre Johannes Thingnes Bø, Tarjei Bø og Tora Berger 8. august.

-Synfaring på Ullsheimsanlegget med Skiforbundet, 10.august.

-Møte mellom MIL og grunneigarane om ny grunneigaravtale.

-Fleire samarbeidsmøter mellom MIL og Turløyper Stryn om ny løypekøyringsavtale.

Utmerkingar

Johannes Thingnes Bø tildelt æresmedlemskap i Markane IL.

Eskil Kveen vart tildelt Magnorpokalen for sin innsats i kombinert.

Inntektsgjevande tilskipingar:

Basar

Kiosk ved ulike små og store arrangement

Idrettsarrangement

4. Saker

Styret har handsama 106 saker.

Nokre av dei viktigaste sakene styret har arbeida med utanom generelt idrettslagsarbeid er:

- Oppfylging av spelemiddelsøknadene og andre søknader
- Sponsorarbeid
- Anleggsplan
Rehabilitering av lysanlegget
O-kart
Utviding av klubbhus; planarbeid
- Ymse arrangement, møter, kurs m.m.
- Drift og utvikling av Ullsheim
- Nytt heimesidesystem
- Festeavtalane mellom MIL og grunneigarane
- Gjerdehald kring Ullsheim
- Drift av gruppene
- Ski i skulen
- Rapport frå Norges Skiforbund
- Vegen vidare for Nordfjord Team
- Fornyng av avtale mellom Turløyper Stryn og Markane IL
- Utbetring av dataanlegget på Ullsheim
- Norgescup skiskyting 2016

5. Medlemstal

Pr. 31.10.15 har Markane IL 359 medlemmar med slik fordeling i alder og kjønn:

5.1 Samla medlemstal pr. 31.10.15

359 (149 kvinner og 210 menn). I fjor: 344 (142 kv/202m)

5.2 Medlemmar 0-5 år

25 (11 jenter og 14 gutar). I fjor: 25 (10 j + 15 g)

5.3 Medlemmar 6-12 år

77 (37 jenter og 40 gutar). I fjor: 69 (35 j + 34 g)

5.4 Medlemmar 13-19 år

50 (16 jenter og 34 gutar). I fjor: 51 (14 j + 37g)

5.5 Medlemmar frå 20 år

207 (85 damer og 122 menn). I fjor: 199 (83 d +116 m)

6. Utdanning

6.1 Deltakarar på kurs:

Skigruppa:

Fagmøte ski våren -15: Sigbjørn Fænn
Eldbjørg Hatledal
Monica Halsteinslid
Inge Fænn (leiar av Skikrinsen)

Fagmøte ski hausten -15: Nils Heggdal
Inge Fænn (som leiar av Skikrinsen)

Skiskyttargruppa: Sikkerheitskurs for nye medlemmer i skiskyttargruppa

Barne/ungdom/trimgruppa: Badevakter: 7 personar

6.2 Organisert trening/instruksjon

Her syner vi til årsmeldingane frå gruppene.

7. Særforbund

Markane IL er medlem av:

Norges Skiforbund
Norges Skiskytterforbund
Norges Orienteringsforbund
Norges Friidrettsforbund
Norges Handikapforbund

8. Stemne, konkurransar, meisterskap:

Når vi skal lage ei sluttoversikt ser vi at det har vore mange ulike arrangement. Årsmeldingane frå gruppene viser at aktiviteten har vore stor på mange felt.

I år har vi hatt lagsmeisterskap i:

1. Orientering
2. Langrenn – fristil, klassisk, hopp og slalåm
3. Skiskyting

Medlemar frå Markane IL har også vore aktive og delteke på mange arrangement andre stader. Dette kjem godt fram i gruppene sine årsmeldingar. Vi oppmodar alle til å lese desse årsmeldingane. Når det gjeld enkeltresultat, syner vi til årsmeldingane frå gruppene og heimesida. Vi har god grunn til å glede oss!

9. Mottekne midlar

Resultatrekneskap 2015 gjev gode opplysningar; studer dette.

9.1. Kulturmidlar/ gávemidlar kommune/ fylke	kr. 40.000.-
9.2. Sponsor- og samarbeidsavtaler	kr. 372.000.-
9.3. Idrettskrins/ forbund	kr. 69.726.-
9.4. Grasrotandelen – tipping	kr. 20.627.-
9.5. Gåve og ytingar, andre tilskot	kr. 18.500.-

Stor takk til alle som har ytt oss midlar i 2015.

10. Anlegg

10.1 Vedlikehald på Ullsheim.

Arvid Hatledal har spesielt ansvar for Ullsheimsanlegget. (sjå eige notat i Del II)

Anlegget er stort og det er alltid noko som kan/ bør gjerast. Saman med dagleg leiar, vaktmester og dugnadshjelp får ein gjort naudsynt vedlikehald medan «tida er god.»

10.2 Løypekøyning.

Erfaringane med Turløyper Stryn AS som "driftsoperatør" av Skiturlaget Ullsheim-Stryn og turløypene er gode. Ordninga held fram. Samarbeidsavtalen frå 2005 mellom Turløyper Stryn AS og Markane IL er avsløyst av ny avtale gjeldande frå 01.11.2015 til 31.10. 2020.

10.3 Ansvarleg for utleige av Ullsheim

Utleige av Ullsheim er eitt dagleg leiar sine ansvarsområder. Alle førespurnader skal rettast til dagleg leiar.

10.4 Tilsette i Markane IL.

Dagleg leiar: Klemet Bø (inntil 50 %)

Vaktmeister/reinhaldar: Per Jakob Kyrkjeeide.

11. Oppgåver i året som kjem:

Planlagde tiltak i planperioden 2015/2016

11.1 Utbygging/ rehabilitering

Vi syner til

- vedteken anleggsplan for 2015 (frå årsmøtet 2014)
- framlegg til anleggsplan for 2016 (framlegg til årsmøtet i 2015)

Vi syner til anleggsplanen, datert 15.08.2015

11.1.1 Ordinære og ferdigstilte anlegg

1. Rehabilitering av lysanlegg-lysløyper og rulleskibane Ullsheim

Lysløypenettet (lysanlegget) skal gjennom ei totalfornying. Det vart søkt om spelemidlar til dette anlegget hausten 2014, men anlegget fekk ikkje spelemidlar i 2015. Søknaden er no omarbeidd og delt opp i 3 ulike anlegg. Spelemiddelsøknad for 2016.

(For fleire detaljar, så anleggsplanen.)

11.2. Nærmiljøanlegg – kostnad opp til 400.000.-

I den framlagde anleggsplanen er det gjort endringar i prioritet.

Prioritet 1. Rehabilitering / utviding av lysanlegg.

Skileikanlegg (3 stk. hoppbakkar, kuleløype, slalåmbakke) kr. 600.000.-

Spelemiddelsøknad blir fremja i 2017

Prioritet 2. Revisjon av o-kart «Stryn».

Dette er eit særskilt aktuelt kart å fornye. Prosjektet er kostnadsrekna til 140.000.-

Prioritet 3. Aktivitetsområde Ullsheim

Vi syner til den framlagde anleggsplanen.

11.2. Arrangement 2016.

Vinter

Først av alt vonar vi på ein stabil snøvinter

Av større arrangement komande vinter har vi

- Ullsrennet 09. og 10. jan.
- Norgescup i skiskyting – veke 3, 22.-24.jan.
- Tverrfjelldilen 13. feb.

I tillegg kjem lokale tilskipingar som

sonerenn,

treningsrenn,

cuprenn,

lagsrenn m.m.

Også komande vinter skal vi i samarbeid med Skikrinsen og Tonning skule stå føre prosjektet "Ski i skulen". Det er 5.klasse ved Tonning som får dette tilbodet.

Tilbakemeldingane frå tidlegare år har vore gode.

Sommar

Friidrett - Postvegløpet er første onsdag i juni kvart år. I 2016 fell Postvegløpet på 1.juni.

I tillegg deltek mange frå Markane på arrangement rundt om i distriktet.

O-gruppa er aktiv. Styret i o-gruppa ynskjer at mange fleire av laget sine medlemmane deltek på alle nær-o-løpa, dei fleste løp i krinsen og kanskje vågar seg på eit av dei større løpa rundt i landet. Her har vi ei utfordring.

Ski/ skiskyting: På sommartid vert det aktivitetar på og kring rulleskibana. Vi håpar å få Bendit rulleskifestival også komande sesong. Vi nemner også barmarkssamlinga, eit samarbeid mellom Markane il og Sogn og Fjordane skikrins.

11.3. Økonomi.

Økonomien er under god kontroll. Når vi ser kva utbetningsoppgåver og investeringar vi både har gjennomført og vil ha framover, vil arbeidet med å skaffe inntekter til laget vere ei viktig oppgåve

der mange steinar må snuast og gode idear prøvast.

Sponsorarbeidet er viktig, men tidkrevjande. Dette arbeidet er ein del av dagleg leiar – Klemet Bø sine arbeidsoppgåver.

12. Aktivitet

Her syner vi til årsmeldingane frå dei enkelte gruppene.

Gruppene er sjølve grunnstøtta i laget. Det er frå desse dei sportslege aktivitetane blir leia og utvikla. Det er gjennom gruppene vi skal utvikle og utøve idrett på alle nivå. Her skal det skje rekruttering, og ein skal finne plass til den enkelte utøvar både i breidde og topp. Fram for alt skal det utviklast trivsel og idretts glede – ei stor oppgåve vi alle treng å støtte opp om. Idrettsregistreringa skjer i januar. Det er her viktig at gruppene tenkjer nøye gjennom dei aktivitetane dei har hatt slik at mest mogleg vert registrert, både trening og konkurransar.

12.1 Å leggje merke til

Det er så mykje å glede seg over. På alle nivå vert det levert mange og gode resultat og mykje glede. Ein let seg begeistre over god deltaking på cup-renna, over glede og personlege sigrar når ein er komne i mål, for nokre den aller første idrettsaktiviteten med nummer på bringa.

Vi har utfordringar i høve til trimklassen, der har det vore minkande deltaking. Den utviklinga må vi freiste å snu.

Det er eit stort sprang frå cuprenn på Ullsheim til VM i Kontiolahti. Markane IL hadde deltakarar på begge stader og på mange, mange andre arrangement gjennom heile 2015.

År 2015 – VM i skiskyting, Kontiolahti; det var då Markane IL slo Russland ved at våre utøvarar (Johannes og Tarjei) oppnådde fleire medaljar enn Russland.

Det er så spesielt og ein bragd så stor at vi knapt greier å heilt fatte at det er røyndom.

Markane IL – idrett for alle frå BREIDDE til TOPP.

Legg merke til at det

- På alle nivå vert det levert mange og gode resultat
- Her er mange unge løparar vi kan kome til å høyre om både nasjonalt og internasjonalt.

- Vert arbeidd godt og systematisk i gruppene – studer årsmeldingane
- Her finn vi mange gode prestasjonar i alle aldersklassar og fleire idrettsgreiner.

Markane idrettslag – idrett for alle frå bredde til topp. Vi er på veg!

Takk til absolutt alle som har representert Markane IL ved å delta i sportslege arrangement.

12.2 Lagsdrakter .

Lagsdrakter

Skigruppa jobba i 2013 fram ein samarbeidsavtale med Craft og Sport 1 Ytre-Eide om nye lagsdrakter til klubben. Dette er ein avtale som går over 4 år. Lagsdraktene er tilgjengelige på Sport 1 , som også trykkjer på logoar og sponsormerke.

Det blir gitt 30 % rabatt på alle Craftklede når det er lagskveld hos Sport 1. I tillegg får skigruppa kle til premiar for ein verdi av 10 000,- kr.

12.3 Heimesida www.markane.no

Antonia Karete Haugen Kongsvik oppdaterer heimesida til Markane IL. Her ligg informasjon om laget, komande arrangement, innbydingar, reportasjar frå eigne arrangement, reportasjar frå løp/renn/aktivitetar der medlemmar frå MIL har delteke m.m. Resultatlister frå alle løp/renn med deltakarar frå MIL, er å finne i arkivet under kvar gruppe.

Takk til alle som bidreg med foto og er med på å halde sida levande!

På grunn av at Klubben Online-systemet vart lagt ned i 2015, har Markane måtte legge om til den nye heimeside løysinga Idretten Online. Omlegginga har ikkje heilt uproblematisk då det gamle systemet vart lagt ned før den nye løysinga eigentleg var klart til å bli teken i bruk. No ser det endeleg ut til at det nye systemet byrja å få på plass det som trengst av både naudsynte og ønska funksjonar. Dermed er det forhåpentlegvis mogleg å bygge opp den nye sida slik vi ønskjer det i løpet av førjulsvinteren. Det meste av det som låg på den gamle heimesida skal etter plane leggst ut på den nye. Dermed skal tidlegare resultat med meir også bli tilgjengelege på den nye sida.

Totalt har heimesida (ny og gamal) hatt vel 170 000 visingar i løpet av dei siste 12 månadene! Dette er ein liten auke sidan i fjor.

Markane IL har også eiga gruppe på facebook. I tillegg har seedingrennet Tverrfjelldilten og Postvegløpet sine eigne facebooksider.

Vi oppmodar medlemmane om å følgje oss på nett!

12.4 Lagssoga.

Arbeidet er i særskilde sakte tempo noko som leiaren i laget sin lyt ta inn over seg.

Jon Kjøs arbeider med foto. Svein Sindre og Matias Lunde med tekstproduksjon. Arbeidet er ikkje kome så langt at ein har ferdige deler.

12.5 Presse

Utøvarane våre oppnår mange gode resultat i løpet av sesongen. Det er viktig for laget at både arrangementa våre og utøvarane våre får merksemd i media. Vi nyttar høvet til å takke pressa med lokalavisa vår Fjordingen i spissen for god dekning av aktivitetane våre!

13. Rekneskap/resultat

Rekneskapen viser ei bruttoinntekt på kr. 1.357.767 og eit overskot etter finansinntekt/-kostnad på kr. 173 765.-

Vi oppmodar medlemmane til å studere rekneskapstala.

Takk til alle som har bidrege til laget sin økonomi

Særleg takk til alle i arrangørstaben av ulike arrangement. Laget er fullstendig avhengige av dykkar innsats.

Sparebanken Sogn og Fjordane

Stryn kommune

Sogn og Fjordane Fylkeskommune

Krins og Forbund for tildelte midlar.

Sponsorar – sjå note til rekneskapen.

Craft og Sport 1 Ytre-Eide for gode avtaler på lagsdrakter og utstyr

Alle som på ein eller annan måte har støtta basaren vår

Alle som har gjeve gåver til Ullsheim/ Markane Idrettslag

14. Avslutning

Vinteren 2015 vart ein fin og god vinter med god aktivitet der alle planlagde aktivitetar vart gjennomførte. Ein sesong går fort. Ski og skiutstyr er knapt sett på stall før orienteringssporten og friidretten er i full gong med ein lang sesong der vi alle kan delta på ein eller annan måte.

Friidrett er ikkje ei stor grein i Markane IL, men den er ikkje så lita som vi kanskje trur. Sjå på årsmeldinga for friidrett – den syner aktivitet og at laget er representert på mange arrangement,

Postvegløpet blir skipa til første onsdag i juni. I 2015 fall dagen på 3.juni.

Neste år – 2016; merk av på kalenderen – 01.juni. 2015-løpet hadde svært god deltaking med rekorddeltaking i konkurranseklassen med 65 løparar.

Treningar i regi av Gym Stryn var eit positivt; vi vonar det er i gang også med tanke på 2016-løpet.

Sætretrimmen har hatt 6141 registrerte besøk. Det er ein auke på 387 registreringar. Det er mange liter sveitte som ligg att etter alle dei som har slite seg opp om dei ni faste registreringsplassane.

Holesetra er best besøkt med 4237 besøk; medan Sindresetra hadde færrest registrerte med 36 besøk.

Fyrst av alt – les årsmeldingane til gruppene i MIL. Då får ein verkeleg eit innsyn i kor stor aktiviteten i laget er – året rundt. Ei stor takk til alle dykk som på ein eller annan måte har vore med på å drege lasset dette året. Utan dykk hadde vi ikkje hatt eit aktivt idrettslag.

Dugnad m.m.

Mange personar har ytt dugnadsinnsats, vore med i ulike komitear, hjelpt til ved ulike arrangement eller ytt ei hjelpande hand på ein eller annan måte;

Til kvar ein av dykk – tusen takk for hjelpa og innsatsen.

Markane 01.12.2015

Markane Idrettslag

Styret v/ leiar Eldbjørg Hatledal

**Markane Idrettslag
v/leiar Eldbjørg Hatledal
Markane**

6723 Stryn

TLF.: 97076695; e-post: ehatleda@online.no

Markane 15.08.2015

STRYN KOMMUNE
v/kulturavdelinga
Tonningsgata 4,

6783 Stryn.

Kommunalplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv – Rullering av handlingsprogrammet.

Anleggsplan for Markane IL år 2016

På årsmøte i desember 2014 vart ny anleggsplan for Markane IL vedteken. Etter div. innspel gjennom året har styret føreteke justeringar som formelt skal godkjennast på styremøte 25.aug. 2015 og på årsmøtet 03.des.2015

Oppstart av anlegg/spelemiddelsøknader må godkjennast av årsmøte/ekstraordinært årsmøte i kvart enkelt tilfelle.

I oversikten som følgjer, har vi delt anlegga inn i tre kategoriar,

- Anlegg under arbeid / anlegg som det er søkt midlar til
- Nærmiljøanlegg
- Nyanlegg/ rehabilitering av eldre anlegg

Vi ber om at våre innspel vert tekne med i rullering av handlingsplanen som skal godkjennast hausten 2015.

Vedlagt finn de ein samla anleggsplan for Markane IL slik prioriteringa er i dag.

ANLEGG UNDER ARBEID/ ANLEGG DET ER SØKT MIDLAR TIL

Rehabilitering av lysanlegg – lysløyper og rulleskibane Ullsheim

Utskifting av PCB-holdige kondensatorar.

Utskifting av armaturar (10 stk.) med PCB-holdige kondensatorar Kr. 150.000,-

Søknad levert for 2015 og pengar er løyvt. Vert utført hausten i 2015

ORDINÆRE ANLEGG.

NYANLEGG/ REHABILITERING AV ELDRE ANLEGG

B. Anlegg som det er søkt midlar til, men som ikkje er tildelt midlar til i 2015

Anleggsnr 1449001101 – lysløype Ullsheim. Rehabilitering.

Søknaden er omarbeidd og blir fremja på nytt.

1. Rehabilitering av lysanlegg – lysløyper og rulleskibane Ullsheim

Markane IL hadde inne søknad for 2015 på dette rehabiliteringsprosjektet. Etter at søknaden var levert, kom problematikken omkring PCB-holdige kondensatorar i gamle lysarmaturar opp. Det var då levert ein søknad om spelemidlar til utskifting av desse anleggsdelane fordi 2015 var siste året slike søknader vart spesielt prioriterte.

Lysløypene på Ullsheim vart bygd i 1977, og nærmar seg 40 år. Sjølv om det vart gjort grundig og godt arbeid, har tida tært både på stolpar, fundament, leidningar og armaturar.

Løypetraseane har tidlegare vore oppgraderte, og no er det lysanlegget sin tur.

Ein fagmann har laga ein statusrapport på anlegget, og han meiner noko må gjerast snart.

Stolpar, fundament og barduner har med tryggleiken å gjere, både for dei som gjer naudsynt vedlikehald, og brukarar av løypa ved t.d. større snøfall.

Ved å skifte leidningane, vil ein redusere spenningstapet monaleg. Nye armaturar vil også auke kvaliteten på lyset med ca. 30 % samtidig som straumforbruket vil gå ned med 25 %.

Dette er energiøkonomisering både for laget og for samfunnet.

I diskusjonane vi hadde med idrettskonsulenten i Sogn og Fjordane fylkeskommune om lysanlegget generelt, vart det poengtert at kostnadsoverslaget måtte oppdaterast, og at ein i samband med det splitta anlegget i fleire søknadar. Vi har fylgt denne tilrådinga, og delt opp lysanlegget i 5 søknader. Det er utarbeidd ein grovkalkyle på kvart av prosjekta.

Søknader om idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning vert utarbeidd og spelemiddelsøknader for 2016 blir levert med planlagd utbygging snarast råd; år 2016 - 2018

Kalkyle for kvart prosjekt er utarbeidd av fagperson frå Mørenett.

Prosjekt/ søknad nr. 1: Løype ca. 1,1 km (kort løype) + arena

Kr. 1.900.000,-

Prosjekt/søknad nr. 2: Løype ca. 2,2 km (mellomløypa)

Kr. 2.000.000,-

Prosjekt/ søknad nr. 4: Løype ca. 1,7 km (lang løype)

Kr. 1.300.000,-

2. Utviding av lagshuset

Vi ser det som naudsynt å utvide lagshuset på Ullsheim. Den påtenkte utvidinga vil omfatte

32 plass til overnatting: ikkje rett til spelemidlar.

Tørkerom: spelemidlar

Utvida toalettavdeling: spelemidlar

Gangareal: delvis spelemidlar

Rehabilitering av smørjerom: spelemidlar

Nytt rom for styrketrening: spelemidlar

Oppussing av kjøkken: usikkert i høve spelemidlar

Oppstart: 2016/ 2017 Spelemiddelsøknaden er fremja for 2016.

3. Utviding av snøproduksjonsanlegget

Utbyggingsår er ikkje bestemt og anlegget er ikkje kostnadsrekna.

I forkant av Jr.VM 2004 føretok vi ei oppgradering/utviding av snøproduksjonsanlegget. Ved ein snøfattig vinter kombinert med store og landsdekkande renn kan det vere aktuelt å utvide anlegget ytterlegare.

4. Orienteringskart "Hydla" - rehabilitering/ digitalisering

Oppstart 2017. Spelemiddelsøknaden er tenkt fremja for 2016.

Kostnad: 450.000.-

3. Orienteringskart "Hogden II" (12,5 km²)

Oppstart 2018. Spelemiddelsøknad er tenkt fremja i 2017.

Kostnad: 450.000.-

NÆRMILJØANLEGG

Rehabilitering av nærmiljøanlegg

Prioritet 1. Rehabilitering/ utviding av lysanlegg

Skileikeanlegg (3 stk. hoppbakkar, kuleløype, slalåmbakke) Kr. 600.000,-

Spelemiddelsøknad blir fremja for år 2016

Prioritet 2. Kjøletårn til snøproduksjonsanlegget

Kjøletårn vil gje høve til meir effektiv snøproduksjon og produksjon i noko mildare vår. (Det må framleis vere kuldegrader.) Prosjektet er kostnadsrekna til kr.250.000.

Prioritet 3. Revisjon av o-kart «Stryn»

Dette er eit særskilt aktuelt kart å få fornya. Laget søkte om spelemidlar i 2014.

Prosjektet er kostnadsrekna til kr.140.000.-

Ein fekk ikkje spelemidlar til anlegget i 2014. Ny søknad er fremja for 2016.

Prioritet 4. Aktivitetsområde Ullsheim

Målet med dette tiltaket er å kunne utvikle Ullsheim-området til eit komplett heilårsanlegg med eit variert tilbod for alle. Området skal vere til rekreasjon og rehabilitering, førebyggjande helsearbeid og fysisk fostring/ utvikling.

I arbeidet med å utvikle Ullsheim-området vil vi i denne planperioden arbeide med desse prosjekta:

- Utarbeide naturstiar i Ullsheim-området.
- Opparbeide hinderløype i Ullsheim-området
- Utarbeiding av turkart i Markane Idrettslag sitt nedslagsfelt

Prosjekt 4.1. Naturstiar i Ullsheim-området

Utbyggingsår: 2017 Kostnadsrekna inntil kr.350.000.-

Dette tilbodet vil særleg rette seg mot området friluftsliv. Det er i vårt distrikt mange tema som kan eigne seg godt til naturstiar. Vi nemner bl.a. skogen, landskapsvariasjonar, sætrar og sæterliv, vassdraga, stadnamn og lokalhistorie. I tillegg tek vi med Kyrkjevegen over Tverrfjellet

og skulevegen for borna i Markane medan omgangskulen varte. Her er mange tema som vil eigne seg svært godt til læring, undring og oppleving.

Målgruppe: Alle

Prosjekt 4.2. Hinderløype

Utbyggingsår: 2018. Kostnadsrekna inntil kr.400.000.-

Løypa vil vere eit rikt tilskott til tilboda på Ullsheim. Saman med grusbane, sandvolleyball, Årestova og den fine naturen kring anlegget, er vi overtydde om at dette vil bli eit godt og populært tilbod. Markane idrettslag ser behovet for å styrke aktivitetane på Ullsheim, særleg er vi opptekne av å få opp bruken i sommarsesongen. Styret ser store fleirbruksmogelegheiter for anlegget og meiner at bl.a. opparbeiding av ei hinderløype vil bidra til auka aktivitet. Vi meiner tilbodet vil nå eit breitt publikum og nemner mellom anna skular/ lag og bedrifter – tilskott til treningssamlingar og leirar.

Prosjekt 4.3. Utarbeiding av turkart i Markane Idrettslag sitt nedslagsfelt.

Utbyggingsperiode: 2018; kostnadsrekna inntil 400.000.-

Tiltaket vil fyrst og fremst vere eit breiddetilbod og rette seg mot sommar- og vinterturistar i distriktet. Det vil også vere eit tilbod til alle og ein kvar; frå skule/barnehage, lag og organisasjonar til besøkande i distriktet. Kort sagt eit slikt kart vil vere eit tilbod til svært mange. Det vil også i høg grad fremje friluftsliv, naturoppleving og lokalkjennskap. I tillegg vil fysisk aktivitet vere med på å fremje folkehelsearbeidet. Kartet vil vere eit svært forenkla orienteringskart. I tillegg kan ein setje på lokale namn og såleis vere med på å ta vare på ein viktig kulturarv.

Markane 15.08.2015

Markane Idrettslag

Eldbjørg Hatledal

- leiar-



Tillegg til Anleggsplanen.

28.oktober inviterte styret til utvida styremøte der ein saman med gruppemedlemer, kasserar og dagleg leiar ønskte å drøfte

- Korleis skal vi utnytte potensialet til Ullsheim-anlegget i framtida?
- Kva slags arrangement og aktivitetar ønskjer laget å ha i framtida både på vinter og sommartid?
- Kva investeringar bør prioriterast? Alt heng samane; overnattingsbygg, løyper, lys data-anlegg, kart m.m.

Temaet for kvelden vart formulert slik: Korleis skal vi halde ved like, bruke og utvikle Ullsheim-anlegget dei neste fem åra. Er vi ved eit vegkryss for laget. Bakgrunn for møtet er blant anna rapport frå Norges Skiforbund etter synfaring på Ullsheim.

Anlegg:

Rehabilitering av lysanlegg/ 400 volt

Rehabilitering av lysanlegget for lysløypene, rulleskibana og stadion er under planlegging og det blir søkt om spelemidlar i 2016. Etter råd har ein endra spelemiddelsøknaden frå ein til 4 søknader.

- Den korte rulleskibana - kostnad 1.9 mill.
- Mellomløype - kostnad 2.0 mill.
- Den lengste sløyfa - kostnad 1.3 mill.
- Skileikanlegg (nærmiljøanlegg)

Lys på stadion inngår i anlegga. Vi ligg øvst på lista i kampen om spelemidlar, så sjansen for tildeling i 2016 er rimeleg bra. Anleggsstart seinast 2 år etter tilsegn om spelemidlar.

Hausten 2015 skal ein bytte til LED-armatur frå arenabygget inn mot Gardstøylane. Her har vi fått tilskott.

Vidare arbeid.

- Få skifta armatur arenabygget inn mot Gardstøylane
- Leverer spelemiddelsøknader
- Drøfte låneopptak
Byggelån
lån

Parkeringsareal.

Ved store arrangement er parkering ei stor utfordring. Komande vinter vil vi få ein god peikepinn på kva som trengst av parkering. Utviding av parkeringsareal kjem til å bli naudsynt. Vidare arbeid med desse planane vil då vere:

- Bestemme nye parkeringsareal
- Kor mange bilar skal ein ha plass til
- Kostnadsberekne utbygginga m/ finansieringsplan
- Vurdere stegvis utbygging over tid

Snøproduksjon

Laget har ei snøkanon og ein har fått på plass eit kjøletårn. I haust har ein fått prøve produksjonsanlegget og det fungerer godt. Vatnet bli kjølt ned til ca. 1-1.5 grader. Ein ser at ein har vatn til overs og kunne drifta to snøkanoner og såleis fått meir effektiv produksjon. Vidare arbeid:

- Det må drøftast om laget burde ha tilgang på to snøkanoner.
- Ein må kostnadsrekne innkjøp og drift
- Finansiering – truleg rett til spelemiddelar

Snøgaranti

Ved Skiforbundet sitt besøk i sommar fekk området snø, snøgaranti og snøproduksjon stor plass. Ein opplever at Skiforbundet si forventning/ krav til snøgaranti er ei stor utfordring og for Markane IL; den aller største og vanskelegast. Dette kom fram under drøftingane med Skiforbundet:

- Ullsheim-anlegget toler knapt at fleire store renn må flyttast pga. snømangel (hovudlandsrennet)
- Markane IL må vurdere å ta vare på snøen over sommaren ikkje berre produsere om hausten. (Sats på snøen som fall i fjor)

Vi veit alle at skal vi gå på ski må vi ha snø. Å lagre snø over sommaren vurderer vi til å vere bort i mot umogeleg på Vestlandet. I alle fall vil det vere økonomisk uforsvarleg. Så kva gjer vi?

- Bygge ut produksjonsanlegget med ei kanone til?
- Endre på konkurranse-løypene slik at ein har korte, men utbetra løypetrasear til å legge snø på og som kan gje eit tilfredstillande løypetilbod sjølv med lite snø?

Overnattingsbygg

Dette bygget har vore under planlegging ei tid. Det er teikna og godkjent, men ikkje fullfinansiert. Eit slikt bygg vil vere ein styrke for anlegget, med enklare og betre overnatting. (det er vel grense for kor lenge brukarane finn seg i å sove på flatseng.) Ein må også tenkje over og vurdere om Ullsheim framleis vil bli valt som treningsarena dersom det etter kvart finst arenaer med betre overnatting og elles gode treningstilhøve.

Deler av dette bygget vil det kunne søkjast spelemidlar til.

Rehabilitering/ vedlikehald av bygningsmassen

Det er alltid vedlikehaldsoppgåver ved bygningar. Ullsheim er ikkje noko unntak. I styremøte 24. nov. kom det fram at det må gjerast noko med gardrobane i lagshuset.

Ein nemner:

- Lufting/ avtrekk m.m.
- Varmvasstankane dreg på åra
- Generell oppussing.

Det har vore synfaring på anlegget med tanke på universell utforming. Vi har ikkje motteke rapport, men signala seier at vi får enkelte ting å endre på.

Andre områder ein må sjå er: taket og septikanlegget . Kjøkken vil også trengje ei opprusting.

Kva gjer vi så?

- Kostnadsrekne overnattingsbygget frå rettleiande prisar til kva vi kan få til av tilbod, dugnad, gode innkjøp m.m.?
- Ser rehabiliteringsoppgåvene i samanheng med nybygg?
- Kva kan vi få spelemidlar til?
- Korleis skal vi finansiere det heile?
- Tidsperspektivet – kva hastar, kva kan vente, kva er pr. no uaktuelt.
- Gjennomgang og plan ut frå tanken om
 - Dette må vi gjere
 - Dette bør vi gjere
 - Dette kan vi gjere
 - Kjekt å ha, men...

Konkurranseløypenettet.

Problemet med løypene på Ullsheim er breidda. Dei vart laga på slutten av 70-talet då det berre var klassisk renn. Løypene bør vere nærare 15 m mange stader for å få plass til både klassisk og friteknikk. I skøyterenn vert det kravd opp mot 10 m breidde for at løparane skal kunne gå forbi kvarandre.

Markane IL har eit stort konkurranseløypenett. Har vi meir enn vi treng? Nokre av løypene er svært sjeldan i bruk. Skal vi oppretthalde dei? Treng vi dei lengste løypene? Vi erfarer at konkurransar på alle nivå går i kortare sløyfer. Dette er meir TV og publikumsvenleg.

Orienteringskart.

Markane IL har bra dekning når det gjeld o-kart. Desse må haldast ved like og oppdaterast slik at dei er korrekte. Eldre kart må digitaliserast, nye kartområde utarbeidast. Kart og anna utstyr til o-sporten må haldast vedlike og fornyast på lik line med utstyr til vintersport.

Aktivitet:

Meisterskapar og konkurransar.

VINTER

For Markane IL er vinteridretten i all hovudsak delt mellom skiskyting og langrenn. Historia til laget kan skilte med mange og store arrangement i tillegg til den daglege aktiviteten. Ein ser føre seg at ein framleis skal kunne ta på seg mange typar renn på alle nivå. Vi må sikre oss at vi

- opprettheld den gode kvaliteten vi er kjende for
- arrangementa gjev maksimal inntening
- vi må ha tilgang til personressursar, fleire å dele arbeidet på

Kva med NM på ski – del 1? Dette er eit arrangement vi truleg vil få om vi vil. Det er eit omfattande og krevjande tiltak. Erfaringane vi har frå 1996 er gode å ha, men likevel neppe samanliknbare med eit dagens NM; bortsett frå at vi veit det er mykje arbeid.

Arrangement utan om krinsnivå må ha ei rimeleg fordeling mellom ski og skiskyting. Det er mange typar renn ein kan ta på seg; her under deler av NM på ski. Vi ser oss likevel ikkje syn med å gå i gang med NM del 1; NM del 2 kan derimot vere aktuelt, dette er eit stort, men enklare arrangement, og har pr. dato ikkje TV-dekking.

Laget tener pengar på overnatting; til fleire deltakarar til meir inntening. Vi treng dei store arrangementa av fleire grunnar

- vi treng dei for vår eigen økonomi
- vi har anlegg som er godt eigna til større utfordringar
- Ullsheim-anlegget har gjennom åra fått fleire millionar i spelemidlar. Vi deler dette med idretten i Norge.
- Vi må ta vare på og bruke det gode anlegget vi har

SOMMAR

Det er viktig at laget ser heile året under eitt. Orienteringssporten må ikkje drukne i all vinteridrett. O-sporten seglar ikkje i medvind; korkje på lands-eller krinsplan. Kva med Markane IL? Vi fekk førespurnad om å ta på oss deler av Fjord-O 2016 (tidlegare Nord-Vest galoppen). Det let seg ikkje gjere å få på plass naudsynt mannskap slik at vi kunne seie ja til dette arrangementet.

Vi vil få spørsmål om å arrangere dette og ev. liknande tilskipingar i orientering. I vidare planlegging av større arrangement må o-sporten kome på dagsorden.

ÅRSHJUL

Langtidsplanlegging – å vite kva som skjer og når det skjer. Gruppene og styret i MIL utarbeider og fyller inn i årshjulet.

DEI STORE ARRANGEMENTA

Det blir sagt om MIL at vi er dyktige til å arrangere, at vi har ein god og rutinert stab til å ta seg av det meste. Dette er sant. Det vi lyt sjå i auga er at mykje arbeid ofte fell på dei same personane og at det er lett å overforbruke enkeltpersonar.

DEI SMÅ OG MELLOMSTORE ARRANGEMENTA

Skal eit arrangement bli godt og vellukka trengst det funksjonærar i alle ledd. Dei som stiller på gjer ein kjempejobb; saman blir vi gode og framifrå dyktige.

Utfordringar:

- Vi treng å arbeide med rekruttering til funksjonærstaben.
- Vi treng å ta tid til å lære opp og hjelpe nye medarbeidarar slik at dei finn seg til rette og lukkast frå første arrangement. Det er ikkje lett å vere ny funksjonær i ein velsmurt stab.
- Korleis skal vi fordele arrangement mellom ski, skiskyting og orientering.

SÅ..

Korleis skal vi fordele dei store arrangementa mellom greinene? Utfordringa her kan bli at det ikkje bør gå alt for mange år mellom kvar gong. Ein modell kan vere

Skiskyting ski orientering skiskyting ski orientering

LAGSARBEID – REKRUTTERING

Det er lite stas med eit framifrå anlegg dersom der ikkje er menneske som brukar det; året rundt.

- Korleis aktivere medlemmane i laget på best mogeleg måte?
- Kva ønskjer og vil medlemmane vår?

- Miljø-arbeid, kva med trivsel og kjenne seg inkludert?
Nye foreldre
Nye utøvarar
Å ta vare på kvarandre
Å sjå den enkelte
- Opprettheld vi slagordet vårt «Idrett for alle – frå breidde til topp»?

OPPSUMMERING

Markane IL har «mange jern i elden». Det trengst ein heilskapleg plan for dei neste 5 åra som syner

Anlegg:

- prioriteringar innan anleggsdelen
- reelle kostnader etter rettleiande prisar
- finansiering
- spelemidlar
- utbyggingsplan – når skjer kva

Aktivitet:

- årshjul
- plan over mellomstore og store arrangement (landsdel/ nasjonale/ internasjonale)
- plan over lokale arrangement (laget/ krins)
- tilbod til medlemmane/ rekruttering/ trivsel/
- auka deltaking i eigne tilbod
- auke talet på medlemmar
- opplæring av funksjonærar

MARKANE IDRETTSLAG – Idrett for alle frå breidde til topp.

Vi lyfter i flokk!

Markane 01.12.2015

Styret v/leiar

Eldbjørg Hatledal.